

# Aktuelle samfunnsproblem sett med Freud



Illustrasjon: Audun Gjerdi

Freuds gjentakingstvang, som eit uttrykk for dødsdrifta, kan brukast til å forstå ekstrem kroppskontroll, fundamentalisme og menneskets kontroll over naturen.

**TEKST**

**Atle Møen**

**PUBLISERT 30. april 2024**

**EMNER**

dødsdrift

Thanatos

Eros

overtrening

ekstremisme

nirvana-prinsippet



Sosiolog Atle Møen. Foto: privat

I Freuds forfattarskap gjekk det store vasskiljet med *Hinsides lystprinsippet* (1920), der han introduserte omgrepet om gjentakingstvangen som den viktigaste manifestasjonen for det meir allmenne omgrepet om dødsdrifta eller Thanatos. Freud meinte gjentakingstvangen eller dødsdrifta var like grunnleggjande som strevet etter lyst og seksualitet (Eros). Vidare meinte Freud at omgrepet om dødsdrifta var teoretisk nødvendig for å vedlikehalda dialektikken mellom to drifter, nemleg Eros og dødsdrifta (Freud, 2011 [1920]). Han hadde opplevd mykje død i perioden, mellom anna dottera Sophie som døydde frå to små barn. Den eine av barna var Ernst som vi møter igjen seinare i denne artikkelen. Og endeleg var dødsdriftsomgrepet viktig med tanke på å forstå og handtera sjokket og sorga for første verdskrig, som førte til at Freud mista trua på historiske framsteg (Valdrè, 2019).

I *Ubehaget i kulturen* (1930) skriv Freud mindre om gjentakingstvangen. Her forstår han kulturen gjennom det dialektiske samspelet mellom Eros og dødsdrifta. Eros skaper stadig meir utvida fellesskap, og dødsdrifta, som ei aggressjonsdrift, arbeidar kontinuerleg for å løysa opp ein kvar fellesskap. Freud meinte at fred og framveksten av stadig utvida fellesskap måtte betalast gjennom auke i skuldkjensla og eit «ubezag i kulturen».

Eg vil først gje eit innsyn i Freuds tilhøve til den jødiske tradisjonen. Han meinte at Moses skapte den monoteistiske religionen gjennom å gje avkall på sin eigen trong til aggressjon – altså ei sublimering av dødsdrifta. Vidare vil eg skildra Freuds oppdaging av gjentakingstvangen som ei uttrykk for dødsdrifta. Eg vil også analysere korleis religiøs fundamentalisme og jernharde diettregimer og andre former for kroppsdisiplin i dagens samfunn kan vere døme på gjentakingstvangen. Deretter vil eg gjennomgå korleis Freud forstår at kontroll over naturen kan også være uttrykk for ein type gjentakingstvang eller som sublimert destruksjonstvang. Difor kan eit erosprega tilhøve til naturen føra til auke av den innovervende aggressjonen, skuldkjensla og den stille dødsdrifta.

Eg avsluttar med å referera til Valdrè (2019) si analyse av «ikkje-investering», negativitet og fråkopling frå verda og andre menneske som døme på dagens dødsdrift. I samsvar med læra til buddhismen kallar Freud denne fråkoplinga for nirvanatilstanden, der alt strev, all lyst og alt begjær er nullstilt. Det krevst eit skarpt syn for å oppdaga denne meir stille og skjulte dødsdrifta, som mellom anna finst gjennom å trekka tilbake all interesse for verda i den triste stemninga, og søka ly innanfor rusen eller som «Web-Junkie» (Valdrè, 2019).

### **Jødisk tradisjon og Moses ...**

Freud meinte at Moses skapte den monoteistiske religionen gjennom å gje avkall på sin eigen trøng til aggressjon – eller ei sublimering av dødsdrifta. Freud var ateist, men kom frå ein jødisk familie (Whitebook, 2017). Vi kan forstå den siste boka hans, *Mannen Moses og den monoteistiske religionen* (1939), som eit testamente over hans nære tilhøve til den jødiske religionen, og til det åndelege eller det intellektuelle i kulturen. Freud vart gripen av Michelangelo si byste av Moses, der Moses skulle overgje dei ti bod til Israel-folket. Men då han kom ned frå fjellet, oppdaga han at folket hans dansa ikring gullkalven. Freud ser i denne bysta at Moses er arg fordi folket hans synda mot påbodet om monoteismen, men også at han *tamde* sinnet sitt og ikkje lét det få utløp i aggressive handlingar.

Kva var det så israelarane synda mot? For det første braut dei med Moses sin monoteisme og fall tilbake til polyteisme gjennom å tilbe gullkalven. For det andre braut dei biletforbodet som påbaud Israel-folket å tru utan å ha tilgang til visuelle eller sanselege representasjonar av Gud. Det har blitt hevda at nettopp evna til å tru på abstrakte prinsipp, *Geistigkeit*, eller det åndelege, kan forklara at jødiske intellektuelle har gjort seg gjeldande i matematikk, fysikk, filosofi og litteratur (Edmundsen, 2010; Kaye, 2019). Freud meinte jødane av same årsak kunne ha ei arrogant og sjølvsikker haldning, og ei kjensle av å vera åndeleg overlegne andre, som gjorde dei hata av nesten alle andre folkeslag (Whitebook, 2017).

**«... gjentakingstvangen eller  
dødsdrifta var like  
grunnleggjande som strevet  
etter lyst og seksualitet»**

### **På sporet av gjentakingstvangen**

Eit av Freuds verk som bidrog til å skapa ei teoretisk nydanning i forfattarskapen, er *Hinsides lystprinsippet* (2011 [1920]). Freud beskrev at han kjem på sporet av gjentakingstvangen gjennom å observera ein spesifikk leik hjå det 1 1/2 år gamle barnebarnet Ernst. Ernst kasta ei trådsnelle frå seg fleire gonger og drog henne til seg att ved hjelp av ein hyssing. Han uttrykte det som vart tolka som «Fort – da» (borte – her). Det var denne observasjonen som Freud tolka som gjentakingstvangen (Freud 2011 [1920]). Ernst opplevde at mora vart borte i periodar, noko som sjølvsagt vekte sinne hjå

den vesle guten. Men gjennom denne repeterande framføringa med trådsnella gav Ernst avkall på aggressive kjensler til mora. Guten tok ved denne leiken aktivt kontroll over forsvinning og tilbakekomst.

## «Gjentakingstvangen fikserer alt liv i ei evig fortid og dødsstive rutinar»

Det andre dømet Freud framhevar om tvangspreget gjentaking, er at personar med krigstrauma gjentek desse smertefulle minna på ein tvangsprega måte. For det tredje retta Freud merksemda mot den negative terapeutiske reaksjonen der pasienten som kjenner seg betre gjennom ein indre tvang, held fast på og gjentek dei minna som representerer skuld, straff, smerte og underordning (Freud, 2011 [1920]).

Det er sjølvsagt mogleg å hevda at desse observasjonane er eit spinkelt grunnlag for det teoretiske omgrepet gjentakingstvang. Freud generaliserte likevel desse observasjonane til å hevda at lagnaden til menneske er styrt av ein «demonisk» tvang til å gjenta.

Man kjenner til slike personer som opplever at alle menneskelige relasjoner ender på samme måte: velgjørere som etter en tid forlates i sinne av alle sine protesjeer, så ulike disse kan være, velgjørere som altså synes forutbestemt til å tømme utaknemlighetens bitre kalk. Menn som opplever at ethvert vennskap ender med at vennen sviker dem, andre som i løpet av livet gjentatte ganger opphoyer en annen til stor autoritet for seg selv eller for allmennheten, for etter en tid selv å styrte ham og erstatte med en ny. Eller elskere som i hvert kjærlighetsforhold til kvinnen opplever at dette gjennomgår samme faser og fører til samme slutt, osv. Vi undrer oss knapt over denne «evige tilbakekomst av det samme» (Freud, 2011 [1920], s. 28).

Gjentakingstvangen fikserer alt liv i ei evig fortid og dødsstive rutinar eller tvangshandlingar der ingen ting skal vera i pulserande, kreativ og livgjevande forandring. Ingenting nytt kan henda, fordi Eros i livet er borte.

## Kroppen, religionen og naturen

Gjentakingstvangen kan vi finne i alle former for ordenstvang og tvangsprega rutinar. Vi kan finne han i eit mangfold av psykiske og kulturelle fenomen, som pessimisme, depresjon, ønske om å døy, sjølvskading, rusmisbruk, aggresjon, skuldkjensle og ein indre tvang til å kontrollera andre. Han kjem fram i ulike former for ekstrem kroppskontroll – gjennom trening, diett og overvakning av helsetilstanden gjennom smartklokker. Gjentakingstvangen viser seg også i den religiøse fundamentalismen. Og ikkje minst, gjennom destruktiv kontroll over naturen.

Særskilt kvinnekroppen kan vera eit terreng for gjentakingstvang og dødsdrifta. Ifølgje Valdrè (2019) kan erobringa av kvinnekroppen observerast og koma til syne som anoreksi, plastisk kirurgi og tvangshandlingar. Den kan også komme til syne i enten

repeterande seksuelle utflukter eller innestenging i eit daglegdags kloster av tvangsprega einsemd og nullstilling av begjæret.

Korleis kan vi så forstå den religiøse fundamentalismen som manifestasjon av gjentakingstvang og dødsdrift? Vi kan mellom anna hevda at gjentakingstvangen i den muslimske salafismen (Khosrokhavar, 2022; Roy, 1917) – mest truleg er eit enkelt døme på eit meir allment mønster for andre typar religiøs og politisk fundamentalisme. Denne fundamentalismen støyper islam fast i fantasien om ei tidlaus fortid i det imaginære kalifatet. Kalifatet inneheld strenge krav om tilpassing til stive føreskrifter, og er eit forsøk på å etterlikna ei historisk fortid. Salafismens rigorøse kontroll over kvardagslivet og den indre naturen gjer at det levande og skapande blir borte.

Freud meinte også at gjentakingstvangen var noko som menneska kunne nytta seg av for å herska over og få kontroll over den ytre naturen. Han meinte det var ein målhemma destruksjonsdrift menneske utøvde mot naturen.

[...] idet man som medlem av et menneskelig fellesskap går til angrep på naturen ved hjelp av vitenskap og teknikk. [...] Moderert, mestret og målhemmet må destruksjonsdriften der den retter seg mot objektet, skaffe jeg'et tilfredsstillelse for dets livsbehov og herredømme over naturen (Freud, 1992 [1930], s. 20, s. 69).

Difor kan vi ut frå Freuds grunnkonsepsjon seia at natur og miljøomsorg vil auka den enkelte si skuldkjensle. På same måte vil framveksten av eit inkluderande kosmopolitisk fellesskap auka den indre uroa og skuldkjensla fordi utløpet for aggressjonen mot den framande vert stengt (Freud 1992 [1930]), noko eg straks vender tilbake til.

## Fellesskap og ytre fiendar

I den seine driftsteorien til Freud vert det eit nytt skifte med *Ubehaget i kulturen* (1930), der han flytta søkelyset frå gjentakingstvangen til konflikten mellom Eros og dødsdrifta. Eros er den skapande og fredelege drifta som ustanskeleg søker å sameina alt levande i større einskapar. Dette inkluderer den kreative søkera etter å danna stadig nye og utvida fellesskap. Frå familien, stamma, naboskapen, nasjonen til fellesskapet som menneskeslekta rett og slett, eller det kosmopolitiske fellesskapet. Dødsdrifta eller aggressiviteten, eller Thanatos, på si side, fremjar den «naturlege» fiendskapen mellom menneska som bryt ned fellesskapet. Slik er dødsdrifta ei tilbakeføring til den livlause materien, øydelegging og oppløysing av samanslutningar, både i organismen og innanfor dei sosiale fellesskapet.

Vi legger til at den [kulturen] er en prosess i Eros' tjeneste, og at hensikten er å få enkeltmennesket til å slutte seg sammen i familier, stammer, folk og nasjoner, og endelig til den største enhet, menneskeheden. [...] Menneskenes naturlige aggressjonsdrift, den enes fiendskap mot alle og alles mot den ene, motsetter seg imidlertid dette kulturens program. Denne aggressjon er

dødsdriftens avkom og hovedrepresentant, den dødsdriften vi har funnet ved siden av Eros, og som Eros må dele verdensherredømmet med. [...] Og denne striden mellom gigantene har man villet avfeie med våre barnepikers vuggesang! (Freud, 1992 [1930], s. 70).

Freud meinte også at dei sterke fellesskapa vart danna gjennom ein opphavleg og kreativ bruk av vald. «Farsdrapet» er opphavet til danninga av «brorfellesskapet», som eit skuld- og valdsfellesskap, og dette fellesskapet er mønsteret for mange former for universell solidaritet (Freud, 2013 [1912–1913]).

Det er velkjend sosiologisk kunnskap at eitkvart fellesskap vert halde saman av samspelet mellom indre ideal og leiarskap på den eine sida og kampen mot ytre fiendar på den andre sida (Freud, 2004 [1921]). Freud peika på at for eksempel fiendskapet mot jødane har ytt viktige tilskott i danninga av dei nasjonale fellesskapa i fleire land. Nasjonalismen er slik sett også eit dødsfellesskap, fordi den sterkeste form for solidaritet vert danna gjennom krig mot ytre fiendar (Møen, 2020). Eit anna døme er ifølgje Freud at etter Paulus hadde framheva den allmenne menneskekjærleiken innanfor kristendommen, vart også kampen mot dei som stod utanfor, skjerpa. Banda mellom dei truande vart sterke, men fiendskapen og intoleransen mot dei ikkje-kristne auka (Freud, 1992 [1930], 2004 [1921]).

Vi har ein serie med historiske døme på dette paranoide og aggressive innslaget i danninga av dei mest utvida og universelle fellesskapa. Det romerske imperiet hadde «barbarane» som dei absolutte fiendane, og for kommunismen var borgarskapet den vonde fienden. Nazismen representerte et sterkt hat mot jødane. Georg Bush gjekk etter 11. september 2001 til krig mot det ekstreme islam som den absolutte vondskapen.

Freud hadde i denne samanhengen ein spesifikk diagnose for danninga av ein fredeleg sivilisasjon. Freud meinte at den stadige utvidinga av fellesskapa og framveksten av den kosmopolitiske freden, som Eros bidreg med, samstundes fører til indre ufred, samvitsplager og skuldkjensle. Eller ei stille dødsdrift som eit altomfemannande «ubehag i kulturen»: «Er kulturen den nødvendige utviklingsgang fra familie til menneskehett, foregår det en parallell økning av skyldfølesen, kanskje til en styrke som den enkelte har vanskelig for å greie» (Freud 1992 [1930], s. 83). Kjærleiken eller Eros mellom menneska, og mellom menneska og naturen, er vakre ideal. Men desse ideala er ikke så realistiske å gjennomføra, fordi dei støyter mot grensene til menneska sine driftsanlegg.

## Den triste stemminga

Korleis framstiller så Freud samanhengen mellom gjentakingstvangen og dødsdrifta? Freud meiner at det er noko allment konserverande med driftene: «En drift skulle da i den levende organismen være en iboende tvang til å opprette en tidligere tilstand ...» (Freud, 2011 [1920], s. 48). Døden er difor eit uttrykk for ein radikal gjentakingstvang, dette å gjenta eller venda tilbake til den livlause materien før den tilfeldige og lite sannsynlege framveksten av livet. Det skal slik sett ifølgje Freud vera djupe biologiske grunnar til at vi strever aktivt for å nå døden og den endelege stille ikkje-eksistensen.

«Hvis vi uten unntak kan tillate oss å anta at alt levende dør av indre årsaker og vender tilbake til det anorganiske, kan vi bare si det slik: Målet for alt liv er døden, og som tidligere anført: Det livløse eksisterte før det levende» (Freud, 2011 [1920], s. 51). Freud skildra denne ikkje-eksistensen som den nevnte «nirvanatilstanden»: ei oppheving av all indre spenning, ei total nullstilling av lyst, strev og begjær (Freud, 2011 [1920]). Vi kan ved dette forstå nirvanaprinsippet som fjerning av alle investeringar i andre menneske, aktivitetar, naturen og objekt (Valdrè, 2019).

Det er eit stort spekulativt sprang i å påstå at gjentakingstvangen er utgangspunktet til det allmenne omgrepet om ei sjølvstendig dødsdrift. Det er etter mi meining likevel mogleg at livet berre er eit lysglimt i det stille myrkret. At opphaveleg fanst berre den livlause materien, og at livet oppstod gjennom eit tilfeldig samspel av mange faktorar, og at alt liv dør av indre årsaker. Ut i frå både kliniske og sosiokulturelle observasjonar finst det også grunnar til å hevda at dødsdrifta driv oss vekk frå verda og inn i det stille, mørke og innoververande. Til dømes er det vorte hevda at ein viktig psykopatologi i dagens samfunn er tilsynekomsten av «den triste stemninga». Dette er ein følelse som oppstår hjå personar som har vanskeleg for å investera Eros eller libido i noko som helst. Desse personane har få eller ingen kjærleiksband til andre menneske, ingen meiningsfulle gjeremål, liten fascinasjon og glød andsynes naturen og tinga i omverda. Dette er blitt den levande død for mange – eit liv utan ei framtid med meiningsfulle gjeremål. Ei slik form for fråkopling kan visa seg mellom anna gjennom å søkja ly i rus, dataspel og sosiale medium. Mangelen på tilknyting og investeringar opnar opp for ei enorm negativ kraft som svekker den psykiske strukturen hjå dei som vert ramma av denne triste følelsen (Valdrè, 2019).

Eg vil framheve Valdrès (2019) omgrep om «ikkje-investering, disinvestment», som nettopp fører til den nullstillinga av livslysta som omgrepet om nirvanaprinsippet representerer. Omgrepet kan vera viktig med tanke på å skildra enkelte kulturelle fenomen. I dagens konsumkultur finst det til dømes eit driv om å ikkje halda fast ved ting og relasjonar, det er ei stadig rørsle mot å forbruks, noko som også vil seia å øydeleggja alt det gamle i ei stadig jakt etter det nye. Dersom vi ikkje knyter oss til tinga og andre mennesker gjennom emosjonelle investeringar, står vi att med eit grenselaust begjær, som etter at lysta er tilfredsstilt, startar opp att på ny, igjen og igjen (Valdrè, 2019).

Desinvesteringa kan vi også finna at i valdsbruk mot dei som skil seg ut på grunn av seksuell legning, hudfarge eller funksjonsnedsetting. Ei vald utan meining og grunngjeving, men som vert utført berre for å få ei kjensle av å vera i livet og bryta med den store keisemd og likesæle (Valdrè, 2019). Eg har ovanfor skildra korleis den religiøse fundamentalismen kan vere uttrykk for gjentakingstvang. Men sett frå ein litt annan synsvinkel kan vald og terror som har bakgrunn frå fundamentalisme, også springa ut av ein total mangel på investeringar i andre menneske, og framandgjering frå lokalsamfunn, nasjonen, staten og den demokratiske medborgarskapen. For desse terroristane er alt likegyldig i høve til den reelle og faktiske verda. Den imaginære draumen om ei tidlaus fortid får derimot ein veldig meining og vekt.

# ««Ubehaget i kulturen» aukar gjennom for mykje naturomsorg/miljøvern»

## Konklusjon

Etter mi mening er den seine driftsteorien sin ide om gjentakingstvang og dødsdrift verdifulle med tanke på å forstå nokre aspekt ved dagens psykopatologiar. Eg starta artikkelen med Freuds innsikt om at Moses var ein kulturell helt fordi han kontrollerte aggressjonen sin og overførte denne aggressjonskrafta til kulturskapande verksemrd. Dødsdrifta har eg først skildra gjennom gjentakingstvangen i leiken til barnebarnet til Freud. Den vesle guten Ernst gjorde det same som Moses i å overføre sitt sinne, knytt til mora som brått vart borte, til den repeterande leiken. Leiken kan sjåast som eit allment kulturelt mønster som ofte kjem til syne som ein «demonisk» tvang til å gjenta. Eg har vist til korleis omgrepet gjentakingstvang kan vere relevant for å forstå dei moderne fenomena diett-tvang, fundamentalisme og herredømme over naturen. Eg har skildra dialektikken mellom eros og dødsdrifta i kulturen eller sivilisasjonen. «Ubehaget i kulturen» aukar gjennom for mykje naturomsorg/miljøvern og gjennom å utvida solidariteten til å femna om alle menneske. Just fordi då vil aggressjonen venda innover som skuldkjensle eller samvitsgnaging.

Eg trur nok at desse tendensane til nevrotisk skuldkjensle og «ubehag i kulturen» var meir vanlege på Freuds tid. Samstundes har det oppstått eit nytt ubehag og ein ny klinisk og sosiokulturell tilstand som ein kan omgrepse festa som «den triste stemninga innanfor eit aude indre landskap». Landskapet er dødt og aude fordi mange menneske ikkje investerer kjensler i tinga, andre personar, historiske minne, biografiske erfaringar og naturen. Denne triste stemninga kjem særleg fram i dei rusavhengige, dei som utøver tilfeldig vald, og dei som lever det meste av livet sitt innanfor ein media-, informasjons- og dataspelrealitet.

---

*Merknad.* Teksten er basert på et innlegg holdt ved Institutt for psykoterapi, Oslo, 1. november 2023.

Teksten sto på trykk første gang i *Tidsskrift for Norsk psykologforening*, Vol 61, nummer 5, 2024, side 320-325

### TEKST

**Atle Møen**, Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen

KONTAKT: Atle.Moen@uib.no

+ Vis referanser

- Edmundson, M. (2010). *The Death of Sigmund Freud. The Legacy of His Last Days* (2. utg.). Bloomsbury Publishing.
- Freud, S. (2011 [1920]). *Hinsides lystprinsippet*. Vidarforlaget.
- Freud, S. (2015 [1939]). *Mannen Moses og den monoteistiske religionen*. Vidarforlaget.
- Freud, S. (2004 [1921]). «Mass Psychology and Analysis of the 'I'». I *Mass Psychology and Other Writings*. Penguin Books.
- Freud, S. (2013 [1912–1913]). *Totem og tabu. Noen overensstemmelser mellom villes og nevrotikeres sjelaliv*. Vidarforlaget.
- Freud, S. (1992 [1930]). *Ubehaget i kulturen. Cappelens upopulære skrifter*.
- Kaye, H.L. (2019). *Freud as a Social and Cultural Theorist On Human Nature and the Civilizing Process*. Routledge.
- Khosrokhavar, F. (2022). *Jihadism in Europe: European Youth and the New Caliphate (Religion and Global Politics)* (p. xi). Oxford University Press.
- Møen, A. (2020). *Sigmund Freuds samfunnsteori*. Scandinavian Academic Press.
- Roy, O. (2017). *Jihad and Death: The Global Appeal of Islamic State*. C. Hurst & Co.
- Valdrè, R. (2019). Psychoanalytic Reflections on The Freudian Death Drive. In *Theory, the Clinic, and Art* (1st ed). Routledge, Taylor, and Francis.
- Whitebook, J. (2017). *Freud: An Intellectual Biography*. Cambridge University Press.